



Ikkje før var skisesongen over, så er fotballsesongen igong. Idag vart det arrangert innandørsturnering i fotball for gutane i årsklassane 2000, 2001 og 2002 i Husneshallen. Frå Uskedalen hadde vi med 2 lag, eitt i 2002-klassen og eitt i 2000-klassen.



Gutane gjorde ein framifrå innsats og viste lovande takter, så vi trur at vi kansjå fram mot ein god sesong.

Totalt var det 20 lag frå kommunen, og eitt frå Stord, som deltok i turneringa. Fyrste kamp gjekk kl. 09.30., medan den siste vart spela kl. 18.15. Med god stemning på tribunen og flott spel på banen, vart det ein fin opptakt til ein ny fotballsesong.

Uskedalen IL har denne sesongen meldt på 7 lag i aldersgruppa 6-12 år, og vivil ha ca. 50 aktive spelarar på desse laga. Foreldre har vore veldig positive til å stilla som lagleiarar/trenarar og vi vil nytta høvet til å takka for det.'

Alle laga vil frå og medfyrstkommande måndag starta med trening ute på grusen, og informasjon om treningstider er sendt heim med alle spelarar. Om det er nye som ynskjer å begynna, så er de hjarteleg velkomne.

For aldersgruppene 2005, 2004, 2003 og jenter 2002 vert det innandørsturnering 9.april (2.påskedag) i Husneshallen. Vi oppmodar foreldre om å melda seg på til respektive lagleiarar innan torsdag 29.mars.

*Med sportsleg helsing fotballgruppa i UIL*